



**Notat**

Dato: 05.01.2016  
Arkivsak: 2015/10949-2  
Saksbehandlar: sunschu

---

Til: Fylkesordføraren

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Tillegg til sak om fylkeskommunale observatørar i styra ved private skular**

Det følgjer av friskolelova § 5-1 at Hordaland fylkeskommune som vertsfylke har rett til å ha observatørar i styra til frittståande skular i fylket. Ordlyden i reglen er som følgjer:

«§ 5-1. Styret

Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Skolen sitt styre skal oppnemnast i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter.

Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

a) ein representant oppnemnd av verkskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole, [...]»

Ordnings med observatørar i styra har eksistert lenge, sjå Lov om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova) av 14. juni 1985 § 17.

Det er ikkje fastsett frå sentralt hald kven som skal representere verstsylket, dette kan både vere representantar frå politisk hald eller administrativt tilsette i verstsylket. Dei siste periodane har Hordaland fylkeskommune nytta administrativt tilsette som observatørar. Dette er ei ordning som har fungert godt og som dei frittståande skulane har gjeve gode tilbakemeldingar på. Rolla til observatørane er ikkje spesifisert i lova, og heller ikkje i forarbeida. I odelstingsproposisjon nr 33 (2002-2003) punkt 15.1.4 vert det framheva at det er viktig med demokratisk representasjon i skulen. Samstundes vert det understreka at skulen har ein rettmessig trøng til å verne om sin eigenart. I høyringa hadde nokre høyringsinstansar spelt inn at det ville vere betre om verstsylka fekk røysterett i styra. Dette vart avvist av departementet, av omsyn til fridomen til dei frittståande skulane. Framlegget vart karakterisert som eit inngrep i fridomen til dei frittståande skulane som ville vere i strid med føremålet med lova.

Observatørstatus i styra kan verte utfordrande, ved at ein vil kunne få opplysningar underlagt teieplikt, som til dømes forretningshemmelegheter. Dette vil observatøren ha teieplikt om, uansett om det er ein politisk representant eller administrativt tilsett observatør.

Ein føremon med administrativt tilsette som observatørar er den informasjonsutvekslinga som går føre seg i samband med styremøta. Fleire av dei frittståande skulane er med i vårt inntakssystem Vigo, og her har både dei frittståande skulane og administrasjonen hatt nytte av kontakten via observatørane. Vidare har den fylkeskommunale PP-tenesta òg eit ansvar for elevane på dei frittståande skulane. Her har det at observatøren har vore administrativt tilsett med kjennskap til rutinar og systemet, vore ein føremon for å sikre at elevane får rettane sine oppfylt, uavhengig av kva skule dei går på. Det same kan ein seie om informasjonsutveksling om eksamsensavvikling. Det er det offentlege som står for ein stor del av eksamsensavviklinga, og her har både skulane og fylkesadministrasjonen nytt godt av informasjonsutveksling. Kjennskapen til detaljane i inntakssystemet, eksamsensavviklinga, PP-tenesta og liknande er det dei administrativt tilsette som har.

På bakgrunn av det gode samarbeidet og fridomen til skulane, tilrår fylkesrådmannen at ordninga med å nytte administrativt tilsette som observatørar i styra til dei frittståande skulane vert vidareført.